



«MOTTAKERNAVN»
«ADRESSE»
«POSTNR» «POSTSTED»

Vår ref:
2017/325-59

Sakshandsamar:
Caroline Rysstad
Caroline.Rysstad@bykle.kommune.no

Dato:
30.04.2025

MØTEREFERAT

Referat samarbeidsutvalsmøte eining barnehage

Møteleiar: Caroline Rysstad
Møtedato: 28.04.2025
Møtestad: Bykle barnehage

Deltakere: Svanhild Breive, Arne Homme, Per Øyvind Asbjørnsen, Gyri Bjåen, vara Thor Bernhard Sagland

Fråver: Laila Johnsen Kjær

Saksliste:

- Sak 5/24-25 Kurs- og fagdagar barnehageåret 2025-2026
Bakgrunn for saka:
Barnehagane har tariff festa 5 kurs- og fagdagar i løpet av eit barnehageår. Forslag til dagar i barnehageåret 2025-2026 er:
11., 12. og 13. august 2025, 7.november, og 15. mai 2026.
- Sak 6/24-25 Orientering foreldreundersøkinga 2024
Bakgrunn for saka:
Barnehagane i Bykle kommune har dei siste åra vore med på den nasjonale foreldreundersøkinga i regi av UDIR. (Utdanningsdirektoratet) Resultata leggast fram på samarbeidsutvalsmøtet.
- Sak 7/24-25 Orientering om bemanningssituasjon
Bakgrunn for saka:
Det er auke i barnetalet og ein treng fleire tilsette i barnehagane frå hausten 2025. Det er skreve ei sak som har vore i administrasjonsutval og formannskap, med positivt utfall. Saka skal opp i kommunestyremøtet 30.04.2025.
- Sak 8/24-25 Foreldremøte
Bakgrunn for saka:
Samarbeidsutvalet skal i samarbeid med barnehagane prøve å arrangere foreldremøte med ekstern foredragshaldar i mai kvart år

No table of contents entries found.

Referat:

- Sak 5/24-25 Kurs- og fagdagar barnehageåret 2025-2026
Vedtak:
Kurs- og fagdagar barnehageåret 2025-2026 er:
11., 12. og 13. august 2025, 7. november, og 15. mai 2026.
- Sak 6/24-25 Orientering foreldreundersøkinga 2024
Vedtak:
Samarbeidsutvalet tok resultata til orientering. Det er vanskeleg å få noko ut av ei slik undersøking då mykje av resultata er «stjerna» pga få respondentar. Men ein ser ut frå årets undersøking at føresette i barnehagane i Bykle stort sett er fornøgde med barnehagane.
- Sak 7/24-25 Orientering om bemanningssituasjon
Vedtak:
Det er auke i barnetalet og ein treng fleire tilsette i barnehagane frå hausten 2025, ein har spurt om ein fagarbeidar og ein barnehagelærer. . Det er skreve ei sak som har vore i administrasjonsutval og formannskap, med positivt utfall. Saka skal opp i kommunestyremøtet 30.04.2025.
Tenesteleiar informerte om bemanningssituasjon inneverande barnehageår med ein del fråver, både korttid og over lengre tid særleg i Fjellgardane barnehage. Ein nyttar seg av vikarar der det er mogleg, personalet trør til ekstra og tenesteleiar gjeng og inn som vikar. Alle vikarar uavsett utdanning eller morsmål har hjarte for barna.
- Sak 8/24-25 Foreldremøte
Vedtak:
Samarbeidsutvalet ønskjer møtet på hausten etter innspel frå føresette og barnehagen. Eit temamøte i oktober eller november. Tenesteleiar skal finne passande foredragshaldar. Tema som blei nemt er søvn.

No table of contents entries found.

MRK: Ein ber om at merknader/ kommentarar blir sendt underteikna på e-post innan 3 dagar frå mottaking av referatet. Etter det vil referatet bli oppfatta som endeleg og arkivert dersom ei ikkje har motteke tilbakemeldingar frå nokon av møtedeltakarane.

Med helsing
Bykle kommune

Caroline Rysstad/refernt
tenesteleiar barnehage

Brevet er elektronisk godkjent og vert sendt utan underskrift.